

# Årsrapport 2022



norsk  
pasientskade-  
erstatning

---

## Innholdsliste

I. Rapporten frå leiaren.....	3
II. Introduksjon til verksemda.....	5
Oppgåver.....	5
Visjon og verdjar.....	5
Organisasjon.....	6
Slik er saksbehandlinga.....	7
Strategi for 2019-2023.....	8
III. Årets aktivitetar og resultat.....	9
1. Hovudmål.....	9
2. Styringsparameter.....	9
3. Andre prioriteringar.....	10
Produktivitet.....	15
Nøkkeltal.....	16
Organisasjonen og menneska.....	18
IV. Styring og kontroll i verksemda.....	21
V. Vurdering av framtidsutsikter.....	23
VI-A. Årsrekneskap 2022 Norsk pasientskadeerstatning.....	24
VI-B. Årsrekneskap 2022 Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste.....	37
VI-C. Årsrekneskap 2022 Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste.....	44
Året som har gått.....	51
Ytterlegare reduksjon i saksbehandlingstidene i 2022.....	51
Vi har flytta til nye lokale.....	52
Vi moderniserer IT-løysingane våre.....	53
Nye medisinske område i forskrift om meinerstatning ved pasientskadar.....	54
Ny kapitaliseringsrente.....	54
Sakkunnigtenester.....	56
Nye profesjonsgrupper i privat helseteneste.....	56
Korleis er det å jobbe i Norsk pasientskadeerstatning?.....	57

# I. Rapporten frå leiaren

## NPE har hatt eit aktivt år med gode resultat

Eg starta som direktør 1. mars 2023. NPE har hatt stor aktivitet i året som gjekk, og kan vise til gode resultat. Å starte som øvste leiar for ein organisasjon i god flyt er både spennande og utmanande, og det er noko eg verkeleg har gledd meg til. Eg overtek stafettspinnen etter Rolf Gunnar Jørstad, som gjekk av med pensjon ved årsskiftet, etter mange års engasjert innsats som direktør.

## Nye lokale på Majorstua

I februar flytta NPE frå cellekontor i åtte etasjar, til «clean desk» og «free seating» og alle medarbeidarane på éi flate. Nokre småting har blitt justerte, men i hovudtrekk har flyttinga gått svært bra. Etter pandemien har bruken av heimekontor auka, og vi er i gang med å evaluere korleis dette har fungert.

Vi er opptekne av at medarbeidarane skal trivast på jobben og på haustparten gjennomførte vi ei medarbeidarundersøking. Resultata frå undersøkinga har blitt følgt opp på ulike nivå i organisasjonen. For å lukkast er det viktig å ha kompetente og motiverte leiarar og vi starta eit nytt utviklingsprogram for leiarane våre.



Kristin Cordt-Hansen

## Stort løft på digitale system

Det aller viktigaste for NPE og brukarane våre, er å redusere saksbehandlingstida endå meir, utan at dette skal gå ut over kvaliteten. Eit viktig satsingsområde for å få til dette er å modernisere dei digitale systema vi brukar i saksbehandlinga. Det gjeld både interne system som saksbehandlarane brukar, og portalen Mi side, der brukarane kan laste ned dokumentasjon og kommunisere med saksbehandlaren. Eit eksempel er at vi med moderne system kan redusere tida det tek å innhente dokumentasjon frå helsetenesta. Vi behandlar store mengder personopplysingar i saksbehandlinga og er naturlegvis opptekne av å behandle opplysingane på ein trygg måte. I 2022 har vi vidareutvikla styringssystemet vårt for informasjonstryggleik og personvern og har etablert ein eigen funksjon som informasjonstryggleiksleiar.

## Saksbehandlingstida har gått ned

I 2022 tok NPE imot dryge 7000 erstatningskrav. Det er om lag 500 fleire saker enn året før. Auken skuldast i stor grad søknader om erstatning etter koronasmitte og -vaksine.

Kvar sak blir vurdert individuelt og konkret, og vil ha forskjellig behov for medisinsk og juridisk utgreiing. Saksbehandlingstida vil difor variere mykje. Eg er spesielt godt nøgd med at den gjennomsnittlege ventetida for å få svar og å få utbetalt erstatning, har

---

gått ned til 14 månader. Det er ein reduksjon på ein dryg månad. Vi veit at erstatningssøklarane opplever ventetida som lang og held fram arbeidet med å redusere saksbehandlingstida.

### **Utbetalt erstatning**

NPE utbetalte over 1,1 milliard kroner til pasientar og etterlatne sist år. Det er femte året på rad at utbetalingane overstig ein milliard. Pengar kan ikkje erstatte tapet av eit liv eller gje betre helse, men det kan bidra til å gje auka livskvalitet for pasientar, som har opplevd å få skadar etter feilbehandling.

Arbeidet med å forenkle måten vi jobbar på, effektivisere prosessane våre, utvikle organisasjonen og jobbe vidare med gode digitale løysingar vil òg stå sentralt i 2023. Eg har gledd meg til å ta fatt på jobben i NPE saman med alle dei dyktige medarbeidarane her.



*Kristin Cordt-Hansen*  
direktør

---

## II. Introduksjon til verksemda

NPE er ei statleg verksemd underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

### Oppgåver

NPE har tre forskriftsfesta oppgåver.

Vi skal:

1. avgjere om erstatningssøklarar har krav på erstatning og fastsetje storleiken på erstatninga
2. bidra med statistiske data til kvalitetsforbetring og skadeførebyggjande arbeid i helsetenesta
3. informere om pasientskadeordninga til pasientar, helsetenesta og publikum

### Visjon og verdier

NPE legg stor vekt på kvalitet og fagleg ekspertise. Vi ynskjer å tydeleggjere at vi i alle ledd av saksbehandlinga set pasienten i fokus.


I arbeidet vårt vektlegg vi desse verdiane:

Omtenksam – Vi skal møte erstatningssøkjaren med openheit, forståing og respekt. Kontakten vår skal vere personleg og vi skal gje individuell hjelp og oppfølging. Vi skal vise tiltru til erstatningssøkjaren, slik at han eller ho opplever tryggleik og tillit.

Opplysende – Vi skal drive aktivt opplysningsarbeid om pasientskadeordninga. Verksemda vår skal vere synleg, lett tilgjengeleg og godt kjend. Vi skal ha god og konstruktiv kommunikasjon med erstatningssøklarar, helsetenesta og andre aktørar.

Kvalitetsmedviten – Alle nivå i organisasjonen skal vere prega av openheit, kompetanse og effektivitet. Dette skal gje erstatningssøklarane eit rett og raskt resultat.

## Organisasjon



---

## **Slik er saksbehandlninga**

Slik er saksgangen frå vi tek imot søknad om erstatning og fram til saka er ferdigbehandla.

### **NPE utgreier saka**

Erstatningssøkjaren kan velje å sende søknaden digitalt eller med post. Vi tilrår å sende han digitalt, det er enklare og vi kan starte saka raskare.

Vi vil hente inn ein uttale frå behandlingsstaden der erstatningssøkjjar meiner skaden skjedde. Vi innhentar òg eventuell annan relevant dokumentasjon, som journalar og liknande. Erstatningssøkjaren vil få tilsendt kopi av uttalen frå behandlingsstaden og har høve til å kommentere denne. Dette kan enkelt gjerast i brukarportalen Mi side.

Saksbehandlaren vil sjå på dokumentasjonen vi har fått inn og innhente meir informasjon om nødvendig. Erstatningssøkjaren vil bli orientert om kva som skjer undervegs i saka. Erstatningssøkjaren kan sjølvstilt òg ta kontakt med saksbehandlaren sin, om han/ho lurar på noko, eller har nye opplysingar i saka.

### **Vurdering av dei medisinske problemstillingane i saka**

Vi innhentar medisinsk sakkunnig vurdering i dei fleste sakene. Den sakkunnige skal ut frå den faglege bakgrunnen sin som spesialist gje ei vurdering av den behandlinga og oppfølginga pasienten har fått.

NPE konkluderer i spørsmålet om erstatningssøkjaren har krav på erstatning eller ikkje.

Dei viktigaste dokumenta når vi skal konkludere i saka er innspel frå erstatningssøkjaren, journal, uttale frå behandlingsstaden og vurderinga av saka frå sakkunnige.

### **Utrekning av erstatning**

Om vi meiner at erstatningssøkjaren har rett til erstatning, vil vi finne fram til storleiken på erstatninga. I denne fasen av saksbehandlninga treng vi innspel og informasjon frå søkjaren. Vi reknar ut erstatninga etter lov om skadeserstatning.

NPE vil fastsetje erstatninga ut frå den konkrete situasjonen til erstatningssøkjaren, slik at noverande og framtidige økonomiske tap blir dekte. Erstatninga skal dekkje dei tapane erstatningssøkjaren har, som ikkje blir dekte av eventuelle sjukepengar, trygderettar og liknande.

Målet er at erstatningssøkjaren skal ha om lag den same økonomiske situasjonen som han/ho hadde før skaden.

---

## Strategi for 2019-2023

Strategisk hovudmål: **Vi skal redusere saksbehandlingstida ved å forenkle måten vi jobbar på.**

### Satsingsområde 1: Vi brukar tida effektivt

Dette gjer vi gjennom å

- prioritere arbeidsoppgåver og utviklingstiltak som gjev verdi
- effektivisere kvart ledd i saksbehandlinga av pasientskader
- effektivisere arbeidet i alle einingar
- gje brukarane ansvar for å bidra meir i søknadsprosessen
- skape ein open samarbeidskultur

### Satsingsområde 2: Vi brukar kompetansen vår innovativt og løysingsorientert

Dette gjer vi gjennom å

- utvikle kompetansen og dele kunnskap på ein systematisk måte
- skape ein kultur for å gje og ta imot tilbakemeldingar
- ta leiarrollen, vere modige i endringsarbeid og leiing
- aktivt få fram innovative tiltak
- byggje kompetansen vi treng i framtida

### Satsingsområde 3: Vi har effektive og målretta avgjerdsprosessar



Dette får vi gjennom å

- styrkje avgjerdsdugleiken hjå saksbehandlarane
- delegere oppgåver og avgjerder
- kommunisere avgjerder klart og tydeleg
- bruke gode digitale verktøy

### Satsingsområde 4: Vi brukar gode digitale verktøy

Dette gjer vi gjennom å

- forenkle dagens løysingar
- byggje digital kompetanse
- ta i bruk nye digitale verktøy



---

## III. Årets aktiviteter og resultat

Frå tildelingsbrevet for 2022 frå Helse- og omsorgsdepartementet:

### 1. Hovudmål

Rask og god saksavvikling skal ha høgaste prioritet i arbeidet til Norsk pasientskadeerstatning.

Balansen mellom fordjuping og tidsbruk skal vurderast kontinuerleg.

### 2. Styringsparameter

- 80 % av sakene der erstatningssøkjaren er tilkjend erstatning (medhaldssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 24 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige 16 1/2 månader.

#### Resultat:

Vi oppfylte både målsetjingane. 86 % av desse sakene blei avslutta innan 24 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 13,9 månader (417 dagar).

- 
- 90 % av sakene der erstatningssøkjaren ikkje blir tilkjend erstatning (avslagssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 12 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige 6 1/2 månader.

#### Resultat:

89 % av desse sakene blei avslutta innan 12 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 6,6 månader (197 dagar). Det er eit resultat som er marginalt utanfor målsetjinga.

- 
- NPE skal i 2022 ikkje ha saker som har vore under ansvarsvurdering lenger enn to år. Vidare skal under fem prosent av dei løpande utrekningssakene ha vore under utrekning over to år.

#### Resultat:

Ved slutten av året hadde vi seks saker som hadde vore under ansvarsvurdering lenger enn to år.

Når det gjeld saker som har vore under utrekning over to år, hadde vi ved årsskiftet 43 slike saker. Det utgjør 5,8 % av alle pågåande utrekningar og er eit resultat utanfor målsetjinga.

Vi kom altså ikkje heilt i mål med desse målsetjingane. Sakene var likevel nøye vurderte med omsyn til om vi – utan å gå på akkord med tilstrekkeleg kvalitet – kunne avslutte dei innan nyttår. Konklusjonen var nei. Det er krevjande å treffe presist på målsetjingar som dette fordi vi òg må ta omsyn til om den enkelte saka faktisk er moden for avgjerd. Under denne føresetnaden er vi komfortable med måloppnåinga.

### 3. Andre prioriteringar

- NPE skal halde fram arbeidet med å utnytte erfaringsmateriale i kvalitetsutvikling og skadeførebyggjande arbeid som etaten har.

#### Resultat:

Vi har gjennomført møter med alle dei regionale helseføretaka om skadestatistikk og pasienttryggleik. Rapport etter kartlegging om samsvar mellom medhaldssaker og meldingar til lokale avvikssystem er i arbeid. I 2022 har vi òg fokusert på kommunesektoren. Vi har hatt møte med organisasjonen til kommunesektoren, KS, og delteke i møte i regi av KS der lokale helsesjefar og kommunalsjefar frå dei største kommunane deltok. Der presenterte vi det statistiske materialet og pasienttryggleiksarbeidet vårt. Vi har fleire pågåande aktivitetar knytte til bruk av det statistiske materialet vårt i forskning mm.

- NPE skal halde fram arbeidet med å følgje opp rapporten frå Riksrevisjonen om saksbehandlingstidene innanfor saksbehandlingsområdet, jf. Dokument 1 for 2019, inkludert å gjennomføre felles prosjekt med Helseklage.

#### Resultat:

I tida frå Riksrevisjonen leverte rapporten sin hausten 2019 og til utgangen av 2022 har saksbehandlingstidene i NPE blitt monaleg reduserte:

	<b>September 2019</b>	<b>Desember 2022</b>	<b>Reduksjon i talet dagar</b>	<b>Prosentvis reduksjon</b>
Frå søknad til avslagsvedtak	250 dagar	197 dagar	53 dagar	21 prosent
Frå søknad til vedtak om rett til erstatning og erstatningens storleik	667 dagar	417 dagar	250 dagar	37 prosent

---

Vi held fram arbeidet med å følgje opp vurderinga frå Riksrevisjonen av at pasientskadeordninga i større grad bør balansere ressursbruken i den enkelte saka opp mot omfanget av saka. Vi utviklar fleire eksempel på normvedtak, dvs. vedtak vi kan fatte utan å innhente medisinskfagleg sakkunnig uttale.

Vi jobbar vidare med å finne gode rutinar for å kunne forenkle saksbehandlinga, særleg i saker med mindre erstatningssummar. Vi gjennomfører mellom anna ein pilot for forenkla utrekning der same saksbehandlar behandlar saka frå start og heilt fram til endeleg erstatningsutbetaling. At vi unngår skifte av saksbehandlar, sparar tid.

Samarbeidsprosjektet med Helseklage - «Møtest på halvvegen» - har som oppdrag å vurdere moglegheiter for å forenkle saksbehandlinga innanfor pasientskadeområdet som heilskap. Vi jobbar med ulike forslag og har i tillegg sett i gang ein verdistraumsanalyse i samarbeid med Helseklage.

Vi jobbar framleis med større og mindre tiltak for å effektivisere saksbehandlinga vår, mellom anna ved å styrkje kompetansen og meistringa til saksbehandlarane slik at dei har avgjerdsdugleik.

- 
- Det er eit mål å auke talet lærlingar i offentlege verksemder. I årsrapporten skal NPE rapportere på dette: Talet lærlingar, om det er vurdert å auke talet lærlingar og eventuelt innanfor kva for fag, saman med kva for opplæringskontor NPE er knytt til. Verksemder som ikkje har oppfylt krava, må gjere greie for årsakene til dette og kva dei har gjort for å oppfylle krava.

Resultat:

Vi har jobba med å tilretteleggje for lærlingar, og har dialog etter kvart med opplæringskontoret for statlege verksemder (OK stat). I NPE er utdanningsnivået høgt med mange spesialiserte oppgåver. Det er krevjande å knyte til seg ein lærling sidan mange aktuelle oppgåver er flytta ut, jf. konsernmodellen der dokumentasjonsforvaltning/arkiv og IT-drift og brukarstøtte er flytta til Norsk helsenett SF. Vi har difor ikkje kome så langt i prosessen som ynskt.

- 
- Det er eit mål å effektivisere konsulentbruken, inkludert vurdere om det er mogleg å redusere konsulentbruk. I 2022 skal NPE arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. NPE skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2022.

## Resultat

Konsulenttenester									
	Rekneskap 2022	NHN - konsulent- tenester konsernmodell	Sakkunnig- tenester	Konsulentar IT	Konsulentar IT vidarefakturert Helseklage	Rekrutterings- bistand	Flytteprosess	Rekneskap / løn / DFØ	Andre
670 - Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss	<b>233 349</b>	-	-	3 779	2 969	-	-	226 600	-
671 - Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar mm.	<b>11 093 482</b>	423 650	-	6 266 137	4 145 945	-	-	257 750	-
672 - Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjon mm.	<b>747 929</b>	-	-	-	-	685 225	-	-	62 704
673 - Andre konsulenttenester	<b>2 768 173</b>	1 671 470	10 464	1 949	355 575	-	404 457	-	324 258
674 - Innleige vikarar	<b>198 625</b>	-	-	-	-	-	-	198 625	-
675 - Kjøp av tenester til pågåande driftsoppgåver, IKT	<b>34 067 737</b>	31 127 475	-	873 752	903 562	-	1 162 948	-	-
676 - Kjøp av løns- og rekneskapstenester	<b>286 173</b>	-	-	-	-	-	-	286 173	-
678 - Kjøp av andre framande tenester	<b>30 259 478</b>	-	30 256 897	-	-	-	-	-	2 580
679 - Kjøp av andre framande tenester, framhald	<b>11 572 882</b>	-	11 555 219	-	-	-	-	-	17 663
Sum	<b>91 227 828</b>	33 222 596	41 822 580	7 145 616	5 408 052	685 225	1 567 405	969 148	407 206

Som tabellen viser, er størsteparten av konsulentbruken i NPE knytt til sakkunngitener og tenester frå NHH. Dette er tenester vi i liten grad kan påverke utan at det går ut over drifta og saksbehandlringa vår.

Konsulentbruken på IT-området heng saman med arbeidet med å modernisere dei digitale løysingane våre. Dei siste åra har vi ynskt å styrkje vår eiga bemanning på dette området, mellom anna for å redusere konsulentbruken. Det har likevel vore veldig krevjande i ein marknad med svært etterspurd arbeidskraft og høge lønsforventingar mellom IT-medarbeidarar. Vi har gjennomført fleire tilsetjingsprosessar utan resultat. Vi har difor t.d. vore nøydde til å skaffe ein testleiar gjennom konsulentavtale i staden for å ha eigen tilsett i denne rolla. Vi vurderer at det ikkje er realistisk å redusere konsulentbruken på dette området i den næraste tida.

Konsulentbruken knytt til rekruttering er låg. Vi brukar stort sett eigne krefter til rekruttering, men brukar bistand i enkelte tilfelle, typisk til leiarstillingar. Vi vil vurdere om det er tenleg å redusere denne bistanden.

Konsulentbruken til rekneskaps- og lønstenester er låg, og i liten grad mogleg å påverke for oss.

Bistanden i samband med flytting blei avslutta i 2022.

Vi har nytta bistand til kommunikasjonstenester for 44 000 kroner i 2022. Bistanden dreier seg om planlegging og gjennomføring av skriveverkstad (arbeid med klarspråk i saksbehandlringa).

I tillegg har vi nytta eit kommunikasjonsbyrå til å fasilitere ei kriseøving for oss.

- 
- NPE skal i medhald av pkt. 2.4 i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» etablere dokumentert internkontroll tilpassa risikoen og det som er vesentleg.

Resultat:

Sjå punkt IV Styring og kontroll.

## Produktivitet

	2020	2021	2022
Produserte saker	8064	8739	8798
Årsverk	146,3	146,2	137,8
<b>Produktivitet</b>	<b>55,1</b>	<b>59,8</b>	<b>63,8</b>

Vi reknar produktiviteten som talet produserte pasientskadesaker per årsverk.





Produserte saker er summen av medhald, avslag, saker der det blir utbetalt erstatning, avviste og bortlagde saker.

Årsverk tilsvarar faktiske årsverk i NPE i perioden 01.01.2022 til 31.12.2022. Årsverk som er knytte til NPE si forvaltning og utvikling av IT-system i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten er trekte ut.



## Nøkkeltal

<b>NPE totalt</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Mottekne erstatningskrav	6 553	7 079
Medhald	1 686	1 479
Avslag	3 451	3 590
Medhaldsdel	33 %	29 %
Erstatningsutbetalinger frå NPE totalt, inkl. særskilte tilskot	1 053	1 116
<b>Offentleg helseteneste</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Mottekne erstatningskrav	5 261	5 653
Medhald	1 397	1 142
Avslag	2 919	2 839
Medhaldsdel	32 %	29 %
Erstatningsutbetalinger	975	1 008
<b>Privat helseteneste</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Mottekne erstatningskrav	844	830
Medhald	269	238
Avslag	400	345
Medhaldsdel	40 %	41 %
Erstatningsutbetalinger	57	55
<b>Særskilte tilskot</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Mottekne erstatningskrav	369	544
Medhald	19	97
Avslag	101	335
Medhaldsdel	16 %	22 %
Erstatningsutbetalinger	20	53
<b>Legemiddelsaker</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Mottekne erstatningskrav	79	52
Medhald	1	2
Avslag	31	71
Medhaldsdel	3 %	3 %
Erstatningsutbetalinger frå legemiddelselskap	8	-



## Organisasjonen og menneska

### Talet tilsette og årsverk

Talet tilsette ved utgangen av 2022: 174

Utførte årsverk i 2022: 141,5

(Inkludert 3,7 årsverk til IT-tenester som vi utfører for Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten)

### Utskifting

Delen tilsette som sa opp stillinga si i NPE i 2022 var på 5,7 prosent.

Tilsvarende tal for førre år:


- 2021: 8,5 prosent
- 2020: 4,9 prosent
- 2019: 8,1 prosent

### Sjukefråvær

Totalt var fråværet i 2022 på 6,7 prosent, ein auke på 2,3 prosentpoeng samanlikna med 2021.

Det er nærliggjande å tru at auken er knytt til den kraftige auken av ikkje-covid-relaterte luftvegsinfeksjonar etter at pandemien avtok. Noko av langtidsfråværet er knytt til tilfelle av «long covid».

Sjukefråværsutviklinga i NPE



## Oppfølging av aktivitets- og utgreiingsplikta som følgjer av likestillings- og diskrimineringslova

Dette er eit kontinuerleg arbeid, og vi er i dialog med tillitsvalde i verksemda rundt tematikken.

Med utgangspunkt i lønsskartlegging per 31.12.2021 har arbeidsgjevar og tillitsvalde diskutert moglege årsaker der det finst lønsforskjellar i ulike stillingskategoriar. Partane er einige om at det er vanskeleg å lese ut forskjellar basert på kjønn i desse tala. Her har vi gått inn på dei ulike stillingskodane.

Lønsdata viser at delen av lønsmassen som går til kvinnelege medarbeidarar har blitt noko høgare i løpet av 2022, noko som tyder på at kvinner har kome betre ut av årets lokale lønsforhandlingar enn menn.

Det er semje om at ufrivillig deltid ikkje er eit problem i NPE.

Tal per 31.12.2022	Kvinner (prosent)	Menn (prosent)
Fordeling i den totale arbeidsstokken	73	27
Kjønnsfordeling mellom alle leiarane	76	24
Fordeling av løn utbetalt i 2022	71	29

Delen mellombels tilsette: to kvinner og to menn (dvs. 2,3 % av dei tilsette).

Delen i foreldrepermisjon (heile året): 13 av 174 tilsette (dvs. 7,5 %), ni kvinner og fire menn.

Erfaringsmessig er det stor overvekt av kvinner som søker stilling i NPE, ikkje minst innanfor hovudkategorien av tilsette som er saksbehandlarar av pasientskadesaker. Dette trass i at vi oppmanar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje, uavhengig av kjønn. Vi legg sjølvstakt overordna til grunn at kandidatane oppfyller kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjingar i det offentlege.

Vi har for tida seks medarbeidarar som er tilsette i deltidsstilling, alle etter eige ynskje. Når det er ledig i stillingskategoriar der vi har tilsette på deltid, tilbyr vi desse auke til full stilling før stillingen blir lyst ut.

### Vi har gjennomført medarbeidarundersøking

Denne gongen brukte vi verktøyet «Medarbeiderundersøkelsen i staten» (MUST) som er utvikla til bruk for statlege verksemder. Han legg vekt på arbeidsmiljøfaktorar og er utvikla av Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI).

Undersøkinga blei gjennomført etter sommarferien. Tilbakemelding om resultatata blei gitt for NPE samla og for avdelingar og seksjonar. Bedriftshelsetenesta bisto i arbeidet. Oppfølging av resultatata har vore ei viktig oppgåve for leiarar og medarbeidarar i tida etterpå.

117 av 151 inviterte svarte på undersøkinga, noko som gjev ein svarprosent på 77,4. Dette er noko lågare enn ved tidlegare høve.

---

## Kva for resultat gav undersøkinga oss?

Vi har høg grad av psykologisk tryggleik og godt leiingsklima

Ut frå svara kan vi seie at vi har eit godt sosialt klima og mange opplever at dei har støtte frå kollegaene sine. Det er òg eit tillitsfullt og godt forhold mellom tilsette og næraste leiar. Dette gjev ein solid psykologisk tryggleik, der det er rom for å ta opp saker med både positivt og negativt forteikn.

Vi ser òg at vi har høg rolleklarleik og bra jobbengasjement. Eit anna viktig område er balansen mellom jobb og privatliv, og her seier eit klart fleirtal at det fungerer godt. Dette er noko vi veit har mykje å seie for trivsel og jobbengasjement over tid. Svara viser òg at vi har ein rimeleg grad av innovasjonskultur.

## Område som vi ynskjer å forbetre

Det er viktig å ta vare på det positive og byggje vidare på det. Det er samtidig nokre område som vi kan forbetre. Mellom dei er balansen mellom innsats og påskjøning, organisasjonstilknytning, kompetanseutvikling og kontroll over eigen arbeidssituasjon. Ein lågare score på det siste kan ha noko å gjere med den verksemda vi driv, men då er det òg viktig å vite kva for eit handlingsrom vi har. Det jobbar vi vidare med.

## **Vi utviklar leiarane våre**

Å vere ein god og effektiv leiar over tid føreset læring og utvikling. I 2022 starta vi opp leiarutvikling i samarbeid med konsulentar frå Impaktor. Opplegget, som blir gjennomført for alle leiarane i NPE, inneheld systematiske tiltak for å auke dugleiken til leiarane, understøtte evner og gje motivasjon og styrkt sjølvbilde i eige leiarskap. Dette gjer vi for å setje leiarane i stand til å påverke, gje retning, gå føre og skape mening i det som skjer i og omkring verksemda.

Opplegget består av samlingar der leiarane får praktiske øvingar som utviklar tryggleik i eige leiarskap og som styrkjer samspelet i gruppa dei er ansvarleg for. Det gjev òg eigeninnsikt i korleis den enkelte leiar verkar på omgjevnadene og øving i utvikling av ein relasjonsorientert leiarstil.

Leiarutviklingsopplegget held fram i 2023.

## IV. Styring og kontroll i verksemda

### Instruks for verksemda

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett tre instruksar for NPE: «Instruks for Norsk pasientskadeerstatning», «Instruks for fond for pasientskadeordninga– offentlig helseteneste» og «Instruks for fond for pasientskadeordning – privat helseteneste».

«Instruks for fond for pasientskadeordninga– offentlig helseteneste» er oppdatert i samband med at ordninga med innkreving av eigendelar frå helseføretak i offentlig helseteneste blei avvikla med verknad frå 1. januar 2022.

### Løns- og rekneskapstenester

NPE brukar Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) som leverandør av løns- og rekneskapstenester etter ein fullservicemodell. Vi brukar DFØ sine løysingar for løn, rekneskap og fakturahandtering. I 2022 tok vi i bruk nytt fakturasystem frå DFØ og DFØ si løysing Økonomiinfo for rapportering av rekneskapstal.

Vi har avtale med Statens innkrevingssentral om oppfølging av tilskotspliktige verksemdar i privat helseteneste.

### Styring og kontroll

NPE utarbeider årleg verksemdsplan for verksemda. Han følgjer strukturen i strategien vår og inneheld mål frå tildelingsbrevet og andre sentrale oppgåver. Leiinga har regelmessige gjennomgangar av resultat og status på tiltaka i verksemdsplanen. Leiinga har òg regelmessige gjennomgangar av budsjett og rekneskap. Desse gjennomgangane fylgjer eit fast årshjul, som òg inkluderer rapporteringar til Helse- og omsorgsdepartementet, risikovurderingar mm.

Vi rapporterer på prioriteringar, resultatmål, nøkkeltal og budsjett til Helse- og omsorgsdepartementet etter fastlagde rutinar. Direktøren delegerer budsjettmiddel internt i verksemda gjennom disponeringskriv til budsjettansvarlege leiarar. Vi utarbeider oversikt over attestasjons- og budsjett disponeringsmynde og stiller krav om dobbel godkjenning for alle transaksjonar.



NPE har etablert eit system for risikovurdering og -oppfølging. Vi følgjer der spesielt opp dei viktigaste måla i strategien og verksemdsplanen vår i tillegg til økonomiforvaltninga.

Vi har vurdert behovet for eigen internrevisjon, jf. rundskriv R-117 av 11.12.2020 frå Finansdepartementet. Vi vurderer det slik at det ikkje er behov for å etablere slik revisjon no, men at det er naturleg å vurdere behovet kvart tredje år og ved monalege endringar i verksemda, rammevilkår mm.

Vi har rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova.

### Informasjonstryggleik og personvern

---

NPE handterer ei stor mengd sensitive personopplysingar. Vi er opptekne av å handtere opplysingane på ein trygg og forsvarleg måte. Informasjonstryggleik og personvern har høg prioritet hjå oss.

Vi har rutinar for oppfølging av krav i personvernlovgjevinga/General Data Protection Regulation (GDPR), og ein eigen funksjon som personvernombod.

Vi har etablert eit system for informasjonstryggleik og personvern (ISMS) og i 2022 etablerte vi ein funksjon som informasjonstryggleiksleiar. Vi har utarbeidd og oppdatert styringsdokument og rutinar, og har gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) og vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) på aktuelle område.

Vi har rutinar for varsling og oppfølging av avvik innan informasjonstryggleik og personvern.

Vi har eit godt samarbeid med Norsk helsenett SF (NHN) knytt til IT-tryggleik og har god nytte av kompetansen og rolla NHN har på området.

### **Helse, miljø og tryggleik (HMS)**

NPE har eit internkontrollssystem for å følgje opp HMS-lovgjevinga. Vi har arbeidsmiljøutval, verneombod og er knytt til bedriftshelseteneste. Vi har rutinar for å ta vare på tryggleiken for dei tilsette i dialogen med brukarane våre.

Aktuelle HMS-rutinar for brannvern mv., blei gjennomgått og oppdatert i samband med at vi flytta inn i nye lokale i 2022.

Norsk helsenett SF (NHN) bistår og gjennomfører anskaffingar for NPE. NHN rettar seg etter krava som blir stilte til offentlege mynde om å motverke arbeidslivskriminalitet og sikre at leverandørar følgjer lover og reglar.

### **Miljøleiing**

NPE er ei kontorverksemd som ikkje påverkar det ytre miljøet i særleg grad.

Vi ynskjer å vere ei miljømedviten verksemd, og følgjer opp arbeidet med miljøleiing gjennom årlege gjennomgangar av status og prioriteringar i leiinga.

Miljøomsyn var sentralt i samband med innflytting i dei nye lokala våre i 2022. I dei nye lokala har vi mellom anna nytt VVS-anlegg med gode høve til å styre energiforbruket vårt, i tillegg til automatisk styring av lys mm. I samband med energikrisa i Europa og dei høge straumprisane har vi justert innetemperaturen og tider for drift av ventilasjonsanlegget. Vi har òg redusert papirforbruket vårt merkbart det siste året.

---

## V. Vurdering av framtidsutsikter

Vi vurderer at vi har god evne til å nå måla våre og levere gode resultat framover. Samtidig vil nokre område kunne påverke resultatene:

### Sakstilgang

Om talet saker som vi tek imot aukar mykje, vil det kunne ha noko å seie for kor mange saker vi kan behandle og den samla saksbehandlingstida.

### NPE som ein attraktiv arbeidsplass

Om vi ikkje klarar å vere ein attraktiv arbeidsplass, der vi trekkjer til oss, tek vare på og utviklar medarbeidarar og kompetanse, kan vi få utmaningar med å nå måla våre. Difor er vi opptekne av å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø og å utvikle kompetansen hjå medarbeidarar og leiarar. Vi har merksemda på, og jobbar for, at NPE skal kunne tilby konkurransedyktig løn.

### Budsjett

Om budsjettsituasjonen blir mindre føreseieleg og krevjande enn han har vore vil det kunne påverke drifta og utviklinga av organisasjonen og tenestene til brukarane våre. Vi er opptekne av effektiv utnytting av ressursane våre, og er førebudde på å gjere nødvendige og krevjande prioriteringar om budsjettsituasjonen krev det.

### Tilstreккеleg tilgang på sakkunnige

For å halde tempoet i saksbehandlinga oppe, er det viktig å ha god tilgang på sakkunnige innanfor alle medisinske spesialitetar. Blir tilgangen på relevante sakkunnige dårlegare, vil dette påverke produksjonen og saksbehandlingstida vår. Sakkunnigtenester utgjør ein monaleg del av budsjettet vårt, og vi er opptekne av at ressursane blir utnytta på ein god og effektiv måte.

### Evna vår til å utvikle organisasjonen vidare

Vi opplever klare forventingar til effektivisering og utvikling av tenestene våre, mellom anna gjennom digitalisering. Om vi ikkje klarar å utvikle organisasjonen og tenestene, vil det påverke resultatene og omdømet vårt. Vi må difor prioritere utviklingsarbeidet parallelt med aktivitetar og oppgåver elles.



Vi kan ikkje sjå andre større område som vil kunne hindre eller avgrense evna vi har til å løyse samfunnsoppdraget vårt på ein tilfredsstillande måte.

Når det gjeld korleis vi vil møte utmaningane framover, viser vi elles til informasjon om strategien vår for 2019 – 2023.

---

# VI-A. Årsrekneskap 2022

## Norsk pasientskadeerstatning

### 1. Kommentarer frå leiinga

#### Føremål

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for Norsk pasientskadeerstatning.

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ei statleg verksemd underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. NPE behandlar erstatningskrav frå pasientar i offentleg og privat helseteneste som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Rekneskapen for drifta i verksemda blir ført etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Drifta består av tre utgiftspostar og to inntektspostar, som alle blir løyvde over statsbudsjettet. NPE tek imot tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjettrammene for drifta.

NPE forvaltar desse to fonda:

**Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste** - skal finansiere utbetalingar av erstatningar til pasientskadar oppstått i offentleg helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftsutgifter i Norsk pasientskadeerstatning, driftsutgifter i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage), eller utgifter erstatningssøkjaren har til advokatar. Driftsutgifter og utgifter erstatningssøkjaren har til bruk av advokatar blir førte høvesvis på post 01 og post 70.

Fondet består av tilskot frå regionale helseføretak, fylkeskommunar og kommunar. Kvart år blir det innbetalt tilskot til fondet basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved fyrste fakturering påfølgjande år.

**Fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste** - skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, utgifter til IKT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste.

Dekning av driftskostnadene i fondet omfattar saksbehandling i NPE og Helseklage. Driftskostnadene for NPE blir inntektsførte i NPE på post 50.

Inntektene til fondet består av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

#### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i høve til Reglementet for og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. punkt 3.4. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilde av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld i NPE.

## Vurdering av vesentlege forhold

2022 var eit rekordår for talet mottekne erstatningskrav. I alt søkte 7079 personar om erstatning. Det er ein auke på åtte prosent frå året før. Vi tok imot elleve prosent fleire saker enn prognosen ved inngangen til året. Ventetida frå søknad til utbetaling av erstatning heldt fram med å gå ned, og blei redusert med åtte prosent frå året før. Kapasitet til å behandle det auka talet mottekne saker og å redusere saksbehandlingstida har vore prioritert gjennom året.

I 2022 utbetalte NPE 1,1 mrd. kroner i erstatningar. Det er ein auke på seks prosent frå 2021.

NPE hadde i 2022 eit netto meirforbruk på 2,7 mill. kroner som i hovudsak skuldast lågare inntekter frå behandling av saker frå privat helseteneste enn føreset. Når delen saker frå offentlig helseteneste aukar, som i 2022, påverkar det utrekninga av inntekter frå privat helseteneste, jf. utrekningsmodellen som er lagd til grunn for dette.

### Samla tildeling

Utgiftskapittel	0741.01	0741.70	0741.71	Sum utgifter
Årets tildeling	227 121 000	50 067 000	21 848 000	299 036 000
<b>RNB/omgruppering/saldering</b>	<b>-1 000 000</b>	<b>-5 000 000</b>	<b>4 000 000</b>	<b>-2 000 000</b>
Lønsoppgjer	2 712 000			2 712 000
<b>Samla tildeling kap. 741</b>	<b>228 833 000</b>	<b>45 067 000</b>	<b>25 848 000</b>	<b>299 748 000</b>
Rekneskap	245 098 561	46 354 150	53 178 352	344 631 063
<b>Avvik tildeling og rekneskap</b>	<b>-16 265 561</b>	<b>-1 287 150</b>	<b>-27 330 352</b>	<b>-44 883 063</b>

NPE drift hadde i 2022 228,8 mill. kroner i samla tildeling. Samanlikna med 2021, er det ein reduksjon på 12,6 mill. kroner. Samla tildeling består av årets tildeling (jf. Tildelingsbrevet), kompensasjon for lønsoppgjeret på 2,7 mill. kroner og ein reduksjon i revidert nasjonalbudsjett på 1 mill. kroner. I 2021 hadde vi ei fullmakt til å overskride driftsløyvinga til investeringsføremaal på 11 mill. kroner og overførte middel frå 2020 på 5,6 mill. kroner.

### Post 01 Driftsutgifter

Rekneskapen for 2022 viser eit meirforbruk på 16,3 mill. kroner. Meirforbruket blir dekt av meirinntekter på 13,6 mill. kroner. Netto meirforbruk er på 2,7 mill. kroner.

### Nærare om enkelte store utgiftspostar på post 01

Totale lønskostnader var i 2022 131,1 mill. kroner, inkludert 10,1 mill. kroner i pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK), arbeidsgjevaravgift på 16,1 mill. kroner, refusjonar på 6,8 mill. kroner og 1,4 mill. kroner til sakkunnige som får utbetalt honoraret sitt som løn.


Utgiftene til medisinsk sakkunnige var i 2022 på 43,1 mill. kroner, inkludert 1,4 mill. kroner til honorar utbetalt som løn. NPE nyttar i størst mogleg grad medisinsk sakkunnige som er tilknytte gjennom avtalar, fordi dette er meir kostnadseffektivt enn enkeltstående sakkunnigoppdrag. Utgifter til medisinsk sakkunnige blei redusert med 0,9 mill. kroner frå 2021.

NPE brukte 34,7 mill. kroner på varer og tenester hos Norsk helsenett (NHN) i 2022, jf. konsern-modellen for administrative tenester for verksemder under Helse- og omsorgsdepartementet. Det er ein reduksjon på 5,8 mill. kroner frå 2021. Endringa skuldast mellom anna at eit større arbeid med flytting av datarommet til NPE til NHN som eit ledd i konsernmodellen blei avslutta i 2021.

IT inkluderer betaling frå Helseklage for IT-tenester frå NPE, men betaling for IT-tenester til NHN er ikkje inkludert. Tenester frå NHN består av IT-drift og brukarstøtte, arkiv og anskaffingar i konsernmodellen for administrative tenester.

NPE flytta til nye lokale februar 2022 og flyttekostnader på 4,2 mill. kroner er inkludert i lokalkostnadene.

På andre kostnader er det berre mindre endringar samanlikna med 2021.



### Post 70 Advokatutgifter

Posten dekkjer utgifter erstatningssøkjaren har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11. Totale utgifter i 2022 blei 46,4 mill. kroner. Dette er 8,9 mill. kroner høgare enn i 2021. Det er eit meirforbruk på 1,3 mill. kroner på denne posten i 2022.

### Post 71 Særskilte tilskot

Posten dekkjer utgifter til erstatningar og honorar i skadesaker der staten har eit særskilt ansvar. I 2022 blei det utbetalt 53,2 mill. kroner i slike erstatningar. Dette er 32,7 mill. kroner høgare enn i 2021.

Det er eit meirforbruk på denne posten på 27,3 mill. kroner i 2022. Meirforbruket skuldast i hovudsak nokre få, store erstatningsutbetalingar. Det har vore åtte saker knytte til Pandemrix-vaksinen med utbetalingar på over 1 mill. kroner, der dei to høgaste var på 6,4 mill. kroner og 7,4 mill. kroner. Totalt utbetalt i Pandemrix-saker var 31,5 mill. kroner. Det har òg vore ei barnevaksinesak med ei utbetaling på 13,4 mill. kroner. Fleire av sakene med høge utbetalingar kjem tilbake til NPE for utbetaling etter behandling i Helseklage eller i domstolane.

## Inntektskapittel 3741

### Samla tildeling

Inntektskapittel	3741.02	3741.50	Sum inntekter
Årets tildeling	7 099 000	17 518 000	24 617 000
<b>Samla inntektskrav</b>	<b>7 099 000</b>	<b>17 518 000</b>	24 617 000
Rekneskap	8 530 625	29 637 327	38 167 952
<b>Avvik tildeling og rekneskap</b>	<b>-1 431 625</b>	<b>-12 119 327</b>	<b>-13 550 952</b>
Meirforbruk post 01, 02 og 50	2 714 609		

Meirinntektene må sjåast i samanheng med kap. 074, post 01. NPE har meirinntektsfullmakt til å dekkje opp meirutgifter på post 01.

NPE har samla sett eit netto meirforbruk på 2,7 mill. kroner i 2022.

### Post 02 Diverse inntekter

NPE behandlar krav om erstatning som følgje av legemiddelskade på vegner av Norsk Legemiddelforsikring AS. Inntektene frå behandling av legemiddelsaker var i 2022 på 2,3 mill. kroner, som er 0,4 mill. kroner høgare enn i 2021.

NPE leverer IT-tenester til Helseklage, som betalte 6,2 mill. kroner for desse tenestene i 2022. Dette er 3,1 mill. kroner mindre enn i 2021.

Totale meirinntekter på post 02 var i 2022 1,4 mill. kroner.

### Post 50 Premie frå private

På posten fører vi inntekter som betaling for at NPE forvaltar pasientskadeordninga for privat helseteneste. Midla blir overførte frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste, og blir inntektsførte på post 50. Aktørane i privat helseteneste skal fullt ut dekkje utgiftene knytte til pasientskadesaker frå dette området. Meirinntekta er på 12,1 mill. kroner i 2022, som er 5,9 mill. kroner lågare enn i 2021.

For NPE viser dei totale driftsinntektene ein reduksjon på 8,7 mill. kroner samanlikna med 2021.

### Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Norsk pasientskadeerstatning. Vurdering av rekneskapen vil framgå av revisjonsrapporten som NPE tek imot våren 2023. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2023



Kristin Cordt-Hansen  
direktør

---

## 2. Prinsippnote til årsrekneskapen for drifta i NPE

### Prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen

Årsrekneskap for drifta i NPE er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsette i Bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i tråd med krav i bestemmelsene punkt 3.4.1 og nærare reglar i rundskriv R-115 av desember 2022 frå Finansdepartementet, punkt 8 Tilpasningar, og nærare krav for statlege fond.

### Oppstilling av rapporteringa

Oppstilling av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret (eittårsprinsippet).
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret (fullstendesprinsippet).
- c) Rekneskapen skal utarbeidast i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter skal førast opp i rekneskapen med brutto sum (bruttoprinsippet).

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i både oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga staten har i Noregs Bank i tråd med krav i bestemmelsene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen blir nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

### Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonna «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og plikter verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

**Artskontorapporteringa**  
**Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2022**

<b>Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	29 637 327	35 603 442
Sals- og leigeinnbetalningar	1	8 530 625	11 283 673
Andre innbetalningar	1	52 750	0
<b>Sum innbetalningar frå drift</b>		<b>38 220 702</b>	<b>46 887 115</b>
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>
Utbetalningar til løn	2	132 546 817	134 816 396
Andre utbetalningar til drift	3	112 308 207	131 546 016
<b>Sum utbetalningar til drift</b>		<b>244 855 025</b>	<b>266 362 412</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>206 634 323</b>	<b>219 475 296</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<b>Sum investerings- og finansinntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>
Utbetaling til investeringar	5	288 865	0
Utbetaling til kjøp av aksjar	5	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	7 421	499
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>		<b>296 286</b>	<b>499</b>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>296 286</b>	<b>499</b>
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>
Utbetalningar av tilskot og stønader	6	99 532 502	57 918 474
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>		<b>99 532 502</b>	<b>57 918 474</b>
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		242 608	241 864
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		16 091 801	16 297 958
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		14 342 667	16 722 371
<b>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</b>		<b>-1 991 742</b>	<b>182 549</b>
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		<b>304 471 368</b>	<b>277 576 818</b>

<b>Oversikt over mellomverande med statskassen</b>		
	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Fordringar på tilsette	0	70 000
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege middel utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-5 150 442	-4 758 794
Skuldige offentlege avgifter	-7 504	-5 668
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse*	-3 643 919	0
Mottekne forskotsbetalingar	0	0
Løn (negativ netto, for mykje utbetalt løn m.m.)	10 991	28 046
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar	-15 650	-82 385
<b>Sum mellomverande med statskassen</b>	<b>7</b>	<b>-4 748 801</b>

\* I samband med omlegginga av pensjonspremiemodellen til SPK i 2022, blei òg faktureringa frå SPK lagd om. I 2021 hadde faktura for pensjonspremien for 6. termin betalingsfrist i desember, medan pensjonspremien for 6. termin i 2022 blei fakturert i desember med betalingsfrist i januar 2023. Pensjonsutgifta etter omlegginga av pensjonspremiemodellen skal framleis vere lik fakturert pensjonspremie frå SPK. Balansekontoar kobla mot mellomverande med statskassen blir brukte for å utgiftsføre terminfaktura for 6. termin 2022 og tilleggsfaktura frå SPK, sjølv om desse ikkje er betalte i 2022, jf. høvesvis rundskriv R-118 Rekneskapsføring av pensjonspremie for statlege verksemder og rundskriv R-8/2022 Rekneskapsføring av ikkje utbetalte lønsmiddel ifm. lønsoppgjeret 2022 og konsekvensar av manglande rapportering i november for fakturering og rekneskapsføring av pensjonspremie frå SPK.

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen.

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte, og er difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

**Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2021**

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2022	Meirutgift (-) og mindreutgift
0741	Norsk pasientskadeerstatning	01	Driftsutgifter	A, B	228 833 000	245 098 561	-16 265 561
0741	Norsk pasientskadeerstatning	70	Advokatutgifter	A, B	45 067 000	46 354 150	-1 287 150
0741	Norsk pasientskadeerstatning	71	Særskilte tilskot	A, B	25 848 000	53 178 352	-27 330 352
1633	Nettoføringsordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter	Artskontorapp.	0	14 342 667	
<b>Sum utgiftsført</b>					299 748 000	358 973 730	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling*	Rekneskap 2022	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3741	Norsk pasientskadeerstatning	02	Diverse inntekter	B	7 099 000	8 530 625	1 431 625
3741	Norsk pasientskadeerstatning	50	Premie frå private	B	17 518 000	29 637 327	12 119 327
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse inntekter	Artskontorapp.	0	242 608	
5700	Folketrygda	72	Arbeidsgiveravgift	Artskontorapp.	0	16 091 801	
<b>Sum inntektsført</b>					24 617 000	54 502 361	
<b>Netto rapportert til løyingsrekneskapen</b>						<b>304 471 368</b>	
<b>Kapitalkontoer</b>							
60080001	Norges Bank KK /innbetalingar					48 719 914	
60080002	Norges Bank KK/utbetalingar					-349 133 559	
707010	Endring i mellomverande med statskassen					-4 057 723	
<b>Sum rapportert</b>						<b>0</b>	
<b>Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)</b>					<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>Endring</b>
707010	Mellomverande med statskassen				-8 806 523	-4 748 801	-4 057 723

**Note A Forklaring av samla tildeling utgifter**

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets løyving 01.01.2022	Lønsoppgjær 27.09.2022	RNB/omgruppering/saldering	Årets tildeling	Samla tildeling
074101	0	227 121 000	2 712 000	-1 000 000	228 833 000	228 833 000
074170	0	50 067 000		-5 000 000	45 067 000	45 067 000
074171	0	21 848 000		4 000 000	25 848 000	25 848 000

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Meirutgift (-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastings- fullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastings- fullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) iht. meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart sum	Mogleg overførbart sum utrekna av verksemda
074101/374102/374150	-16 265 561	0	-16 265 561	13 550 952	-2 714 609	0	0
074170	-1 287 150	0	-1 287 150		-1 287 150	0	0
074171	-27 330 352	0	-27 330 352		-27 330 352	0	0

**Forklaring til bruk av budsjettfullmakter**

NPE har fullmakt til å bruke meirinntekter utover tildelt løyving på kap. 3741 post 02 og 50 til å dekkje meirutgifter under kap. 741 post 01. For 2022 utgjer samla meirinntekter 13,5 mill. kroner. Dette blir brukt til å dekkje meirutgifter under kap. 741 post 01.

Innbetalingar frå tilskot og overføringar består av belasting av driftsutgifter frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste. Driftsutgifter frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste blei redusert med 6,0 mill. kroner i 2022 samanlikna med 2021. Denne reduksjonen skuldast færre behandla saker i privat helseteneste i 2022 samanlikna med 2021.

Inntekter frå behandling av legemiddelsaker heldt seg om lag på same nivå som året før.

Inntekter frå Helseklage knytte til IT-tenester har gått noko ned. Det reflekterer aktivitetsnivået på IT-området og at arbeidet med flytting av datarom til NHN som ledd i konsernmodellen blei avslutta i 2021.

#### Note 1 Innbetalingar frå drift

Innbetalingar frå drift	31.12.2022	31.12.2021
Innbetalingar frå gebyr	0	0
<b>Sum innbetalingar frå gebyr</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Andre tilskot og overføringar (3741.50)	29 637 327	35 603 442
<b>Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar</b>	<b>29 637 327</b>	<b>35 603 442</b>
Inntekt frå behandling av legemiddelsaker	2 281 200	1 946 400
Innbetaling frå Helseklage for IT- tenester	6 249 425	9 337 273
<b>Sum sals- og leigeinnbetalingar</b>	<b>8 530 625</b>	<b>11 283 673</b>
Anna driftsrelatert inntekt *	52 750	0
<b>Sum andre innbetalingar</b>	<b>52 750</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>	<b>38 220 702</b>	<b>46 87 115</b>

\* Sal av innbu og lausøyre til tilsette i NPE i samband med utflytting av tidlegare lokale

#### Note 2 Utbetalingar til løn

Utbetalingar til løn	31.12.2022	31.12.2021
Løn	108 984 914	103 981 880
Arbeidsgjevaravgift	16 091 801	16 297 958
Pensjonsutgifter *	10 146 186	12 160 102
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 941 037	-3 204 878
Andre ytingar	4 264 953	5 581 334
<b>Sum utbetalingar til løn</b>	<b>132 546 817</b>	<b>134 816 396</b>
<b>Talet faktisk utførte årsverk:</b>	<b>141,5</b>	<b>150,1</b>

\* Pensjonar blir utgiftsførte i artskontorapporteringa. Premiesatsen for arbeidsgjevaravgift utgjorde i 2022 14,1 prosent, som er den same som i 2021.

**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

<b>Andre utbetalinger til drift</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Husleige	8 919 545	16 384 148
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	1 053 098	117 856
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	2 913 872	4 536 686
Reparasjon og vedlikehold av maskinar, utstyr osv.	0	0
Mindre utstyrsanskaffingar	1 474 341	2 656 651
Leige av maskinar, inventar og liknande	3 413 991	2 619 522
Kjøp av konsulenttenester	14 842 933	27 302 502
Kjøp av andre framande tenester	76 384 895	73 798 646
Reiser og diett	217 531	159 947
Driftsutgifter elles	3 088 003	3 970 058
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>112 308 209</b>	<b>131 546 016</b>

I byrjinga av 2022 flytta NPE til nye lokale med ope landskap, redusert areal og færre kontor plassar. Dette har medført reduserte husleigeutgifter. Auken i *Vedlikehold og ombygging av leigde lokale* skuldast utgifter til tilbakeføring og betaling for vedlikehold på 0,8 mill. kroner i samband med utflytting frå tidlegare lokale.

Reduksjon på *Andre utgifter til drift av eigedom og lokale* skuldast redusert areal og dermed mindre utgifter til lys, varme og reinhald.

Reduksjon på *Kjøp av konsulenttenester* i 2022 samanlikna med 2021, skuldast mindre bruk av konsulenttenester til utvikling av programvare og IT-løysingar og generelt mindre bruk av andre konsulenttenester.

Auken på *Kjøp av andre framande tenester* skuldast i hovudsak høgare kostnader til kjøp av tenester til pågåande driftsoppgåver på IT-området.

**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

<b>Innbetaling av finansinntekter</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Utbetaling av finansutgifter</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Renteutgifter	7 421	499
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>7 421</b>	<b>499</b>

Utbetalinga på finansutgifter gjeld renter og gebyr på for sein betaling av fakturaer.

**Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar**

<b>Utbetaling til investeringar</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Immaterielle egedelar og liknande	0	0
Tomtar, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	288 865	0
<b>Sum utbetaling til investeringar</b>	<b>288 865</b>	<b>0</b>
<b>Utbetaling til kjøp av aksjar</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
<b>Sum utbetaling til kjøp av aksjar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Det blei kjøpt nytt inventar og møteutstyr i samband med flytting til nye lokale og utbetaling er nettoført etter bidrag frå gardeigar.

**Note 6 Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten**

<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>	<b>31.12.2022</b>	<b>31.12.2021</b>
Tilskot til ikkje-finansielle føretak (advokatutgifter)	46 354 150	37 467 387
Tilskot til hushaldningar (erstatningar vaksinesaker)	53 178 352	20 451 087
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>	<b>99 532 502</b>	<b>57 918 474</b>

Advokatutgifter viste meirutgifter på 8,9 mill. kroner. Ordninga er rettsbasert.

Særskilte tilskot (post 71) dekkjer erstatningar i saker der staten har særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadesaker. Særskilte tilskot for 2022 viser ein auke på 32,7 mill. kroner samanlikna med 2021. Dette skuldast i hovudsak nokre få, men store erstatningsutbetalingar.

Note 7 Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassen	
	31.12.2022	31.12.2022	Forskjell
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og andelar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
Kundekrav	2 630	0	2 630
Andre krav	0	0	0
Bankinnskott, kontantar og liknande	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>2 630</b>	<b>0</b>	<b>2 630</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld*	-5 902 424	0	-5 902 424
Skuldig skattetrekk	-5 150 442	-5 150 442	0
Skuldige offentlege avgifter	-7 976	-7 504	-472
Anna kortsiktig gjeld**	-1 989 972	-3 648 578	1 658 606
<b>Sum</b>	<b>-13 050 814</b>	<b>-8 806 523</b>	<b>-4 244 290</b>
<b>Total sum</b>	<b>-13 048 184</b>	<b>-8 806 523</b>	<b>-4 241 660</b>

\*Leverandørgjeld viser ferdigbehandla fakturaer frå 2022 med forfall i 2023. Saldo består i hovudsak av faktura for Statens pensjonskasse for 6. termin 2022 på 3,6 mill. kroner, og fakturaer frå sakkunnige.

\*\*Anna kortsiktig gjeld er periodisering av ubehandla fakturaer med fakturadato i 2022 som blei betalt i 2023.

---

## VI-B. Årsrekneskap 2022

# Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste

### 1. Kommenterar frå leiinga

#### Føremål og mynde for fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett Instruks for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste.

Føremålet for fondet er å finansiere utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentlig helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftskostnader i Norsk pasientskadeerstatning (NPE), i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage), eller utgifter erstatningssøkjaren har til advokatar.

Reglar som mynda har fastsett: Forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om pasientskadelova sine verkeområde og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlege helse- og omsorgstenesta § 3, definerer offentlig helseteneste. Vilkåra som må vere oppfylte for å få erstatning for skadar valda i offentlig helseteneste går fram av pasientskadelova. Erstatning for økonomisk tap blir regulert av lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning og ulovfesta erstatningsrett.

Dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane skal sjølve dekkje utgiftene til erstatningar for skadar oppstått som følgje av behandling gitt av tenester organiserte hjå desse. Det skal ikkje vere krysssubsidiert mellom nivåa. Dei årlege tilskota blir utarbeidde basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved fyrste fakturering påfølgjande år. Fylkeskommunar og kommunar betalar inn tilskot ein gong per år. Dei regionale helseføretaka betalar inn tilskot til NPE i fire terminar per år.

#### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i tråd med Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkjande bilde av disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, egedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

#### Vurdering av vesentlege forhold

Det er utbetalt til saman 1,0 mrd. kroner i erstatningar i 2022 som er ein auke på 31,3 mill. kroner frå 2021.

Behaldninga på fondet rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2022 er 39,8 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 23,5 mill. kroner frå 2021.

Totale overføringar til fondet blei reduserte med 115,2 mill. kroner samanlikna med 2021. Reduksjon i resultatet for fondet skuldast at totalt tilskot frå dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane for 2022 blei redusert med avrekning frå 2021.

---

### **Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet**

Instruksen, som er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, fastslår at fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste - skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved slutten av året. Tilskota knytte til offentlig helseteneste og utbetaling av erstatningar frå NPE for same område, blir ført over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2022 er presentert etter kontantprinsippet, og skal ta vare på krava i instruksen.

### **Revisjonsordning**

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og stadfestar årsrekneskapen for fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil framgå av revisjonsrapporten som fondet tek imot våren 2023. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2023



*Kristin Cordt-Hansen*  
direktør

---

## 2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsette i Bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene").

Årsrekneskapen er i tråd med krav i bestemmelsene punkt 3.4.6 og rundskriv R-115 av september 2019 frå Finansdepartementet, punkt 8.

### Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå middel staten har elles. Bruken er bunden til eit nærare fastsett føremål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga staten har, og likvidane skal stå på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskonti blir overførte til nytt år.

### Løyvingsrapporteringa

Øvre delen av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen i fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, går fram i nedre del av oppstillinga.

## 3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) kjem fram i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) kjem fram i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet for perioden er skilnaden mellom overføring til og frå fondet. Resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen er kortsiktige fordringar omtalte. Opplysinga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet kjem ikkje fram i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste - består utelukkande av statlege middel, og staten disponerer difor midla i fondet. I kapitalrekneskapen skal dette fondet først både under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, og under ordinære fond (eigedelar) i kontogruppe 64.

#### 4. Samanheng mellom prognose, avrekning og rekneskap

Prognose og avrekning	2022	2021	Differanse
Prognose regionale helseføretak (RHF)	872 000 000	800 000 000	72 000 000
Avrekning RHF førre år	-52 367 293	-11 524 805	-40 842 488
Eigendelar RHF	4 503 009	45 328 765	-40 825 756
<b>Sum innbetalt frå statlege rekneskapar</b>	<b>824 135 716</b>	<b>833 803 960</b>	<b>-9 668 244</b>
Prognose fylkeskommunar	6 000 000	5 000 000	1 000 000
Avrekning fylkeskommunar førre år	-238 500	2 519 000	-2 757 500
<b>Sum innbetalt frå fylkeskommunar</b>	<b>5 761 500</b>	<b>7 519 000</b>	<b>-1 757 500</b>
Prognose kommunar	185 000 000	200 000 000	-15 000 000
Avrekning kommunar førre år	-31 656 750	57 085 375	-88 742 125
<b>Sum innbetalt frå kommunar</b>	<b>153 343 250</b>	<b>257 085 375</b>	<b>-103 742 125</b>
<b>Sum overføringar til fondet</b>	<b>983 240 466</b>	<b>1 098 408 335</b>	<b>-115 167 869</b>
Prognose erstatningsutbetalingar	1 063 000 000	1 005 000 000	58 000 000
<b>Prognose resultat for perioden</b>	<b>-79 759 534</b>	<b>93 408 335</b>	<b>-173 167 869</b>

Rekneskap	2022	2021	Differanse
Tilskot frå regionale helseføretak	819 632 704	788 475 197	31 157 509
Eigendel helseføretak	4 503 009	45 328 765	-40 825 756
<b>Tilskot frå statlege verksemdar</b>	<b>824 135 713</b>	<b>833 803 962</b>	<b>-9 668 247</b>
Tilskot frå fylkeskommunar	5 761 500	7 519 099	-1 757 599
Tilskot frå kommunar	153 343 245	257 085 376	-103 742 131
<b>Tilskot frå fylkeskommunar og kommunar</b>	<b>159 104 745</b>	<b>264 604 475</b>	<b>-105 499 631</b>
<b>Sum overføringar til fondet</b>	<b>983 240 458</b>	<b>1 098 408 437</b>	<b>-115 167 878</b>
Erstatningsutbetalingar	1 006 766 313	975 442 238	31 324 075
Bank- og kortgebyr*	869	1 134	-265
<b>Resultat for perioden</b>	<b>-23 526 724</b>	<b>122 965 065</b>	<b>-146 491 688</b>

\*Korrigert for IB og opne postar jf. kontantprinsippet.

## 5. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 1. Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2022

Beholdninger rapporterte i likvidrapport	2022
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	63 351 475
Endringer i perioden	-23 526 724
<b>Sum utgående saldo oppgjerskonto i Noregs Bank</b>	<b>39 824 751</b>

Tabell 2. Beholdninger rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2022

Konto	Tekst	2022	2021	Endring
640701	Opgjerskonto i Noregs Bank	39 824 751	63 351 475	-23 526 724
810701	Fondskapital	-39 824 751	-63 351 475	23 526 724

### Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Driftsutgiftene i offentlig helseteneste blir dekte over den ordinære driftsløyvinga til NPE på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Utgifter erstatningsøkjaren har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11 blir dekte over kap. 741 post 70 Advokatutgifter. Fondet tek ikkje imot løyingar over statsbudsjettet. Endring i fondskapital inkluderer endringar i saldo for interimskonto.

## 6. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld i fondet

Tabell 3. Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	Note	2022	2021
<i>Overføringar til fondet:</i>			
Tilskot frå statlege verksemder	1	824 135 716	833 803 962
Tilskot frå fylkeskommunar	1	5 761 500	7 519 099
Tilskot frå kommunar	1	153 343 245	257 085 376
<b>Sum overføringar til fondet</b>	<b>1</b>	<b>983 240 461</b>	<b>1 098 408 437</b>
<i>Overføringar frå fondet:</i>			
Erstatningsutbetalingar	2	1 006 766 313	975 442 238
Anna	2	869	1 134
<b>Sum overføringar frå fondet</b>	<b>2</b>	<b>1 006 767 182</b>	<b>975 443 372</b>
<b>Resultat for perioden</b>		<b>-23 526 721</b>	<b>122 965 065</b>
<i>Disponering:</i>			
<b>Overføring av resultatet for perioden til fondskapital</b>		<b>23 526 721</b>	<b>-122 965 065</b>

Resultatoppstilling – kolonne er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet for perioden er lagt til opptent fondskapital førre år.

**Tabell 4. Balanseoppstilling**

Balanseoppstilling	Note	2022	2021
Eigedelar:			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		39 824 751	63 351 475
<b>Sum eigedelar</b>		<b>39 824 751</b>	<b>63 351 475</b>
Fondskapital og plikter			
Opptent fondskapital		39 824 751	63 351 475
<b>Sum fondskapital og plikter</b>		<b>39 824 751</b>	<b>63 351 475</b>

Sum fondskapital og plikter tilsvarar behaldninga på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen. Behaldninga har gått ned med 23,5 mill. kroner frå 2021 til 2022. Reduksjon i resultatet for fondet skuldast at totalt tilskot frå dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane for 2022 blei redusert med avrekning frå 2021. Det førte til at dei totale overføringane til fondet i 2022 blei mindre enn dei faktiske erstatningsutbetalingane.

**Tabell 5. Overføring til fondet**

Note 1 Overføringar til fondet	2022	2021	Differanse
<b>8250 Tilskot frå regionale helseføretak</b>	<b>819 632 704</b>	<b>788 475 197</b>	<b>31 157 507</b>
8251 Eigendel helseføretak	0	49 247 918	-49 247 918
8251 Tilbakeføring opne postar per 31.12.	0	-4 503 009	4 503 009
8251 Korrigert IB	4 503 009	583 856	3 919 153
<b>8251 Eigendel helseføretak korrigert</b>	<b>4 503 009</b>	<b>45 328 765</b>	<b>-40 825 756</b>
<b>Tilskot frå statlege verksemdar</b>	<b>824 135 713</b>	<b>833 803 962</b>	<b>-9 668 249</b>
8310 Tilskot frå fylkeskommunar	5 761 500	7 519 099	-1 757 599
8300 Tilskot frå kommunar	153 343 245	257 085 376	-103 742 131
<b>Sum overføringar til fondet</b>	<b>983 240 458</b>	<b>1 098 408 437</b>	<b>-115 167 979</b>

*Summar er korrigerte med opne postar og IB jf. kontantprinsippet*

Tilskot som blir krevde inn er basert på prognose for erstatningsutbetalingar for inneverande år og ei avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar førre år. Dette følgjer av instruksen for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste.

Netto tilskot frå dei regionale helseføretaka, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar i 2022, er auka med 31,2 mill. kroner samanlikna med 2021. Dette skuldast differansen mellom auken i prognosen for erstatningsutbetalingar på 72 mill. kroner i 2022, og avrekninga i favør av dei regionale helseføretaka på 52,4 mill. kroner i 2022, samanlikna med 11,5 mill. kroner i 2021.

I 2022 er det innbetalt 40,8 mill. kroner mindre i eigendelar frå helseføretaka enn i 2021. Ordninga med innbetaling av eigendelar frå helseføretaka blei avvikla med verknad frå 01.01.2022, jf. oppdatert instruks for fondet per 15.12.2021. I 2022 blei det innbetalt 4,5 mill. kroner i eigendelar som blei fakturert i 2021.

Netto tilskot frå fylkeskommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2021, blei redusert med 1,8 mill. kroner i 2022 samanlikna med 2021.

Netto tilskot frå kommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2022, er redusert med 103,7 mill. kroner samanlikna med 2021. Reduksjonen skuldast i hovudsak lågare avrekning enn i 2021.

**Tabell 6. Overføring frå fondet**

Note 2 Overføringer frå fondet	2022	2021	Differanse
Erstatningsutbetalningar	1 006 766 313	975 442 238	31 324 075
Bank- og kortgebyr*	869	1 134	-265
<b>Sum overføringar frå fondet</b>	<b>1 006 767 182</b>	<b>975 443 372</b>	<b>31 323 810</b>

\*Gjeld er tatt ut for å framstille rekneskapen etter kontantprinsippet. I verksemdsrekneskapen er opne postar tilbakeførte for 2022.

**Tabell 7. Erstatningsutbetalningar fordelte**

Erstatningsutbetalningar fordelte	2022	2021
Regionale helseføretak	84,4 %	82,2 %
Fylkeskommunar	0,1 %	0,5 %
Kommunar	15,4 %	17,4 %
<b>Totalt</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

Fordeling av tal er henta frå internt saksbehandlingssystem

---

## VI-C. Årsrekneskap 2022

### Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

#### 1. Kommenterar frå leiinga

##### Føremål og mynde for fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett Instruks for fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste.

Fondet skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning knytte til privat helseteneste, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, inkludert nødvendige utgifter til IT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste. Dekning av driftskostnadene omfattar saksbehandling både i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage). Inntektene til fondet blir finansiert av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

Aktørar som blir rekna som tilbydarar av private helsetenester går fram av pasientskadelova § 8 og § 7 andre ledd. Jf. òg § 3 i forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om pasientskadelova sine verkeområde og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlige helse- og omsorgstenesta. Desse aktørane har plikt til å betale tilskot til NPE.

Forskrifta gjev òg nærare vilkår om reguleringa av privat helseteneste, inkludert omfanget på dei årlege tilskota som skal innbetalast til fondet. Dei årlege tilskota er meint å dekkje alle kostnader relaterte til skadar som oppstår i det aktuelle året. Kostnadene omfattar driftskostnader, utgifter til advokatar og erstatningar. Gjennom innbetalingar til fondet skal det avsetjast middel til framtidige erstatningsutbetalingar, inkludert inntreffe, men ikkje melde eller oppgjorde skadar.

Tilskota skal justerast over tid for å korrigere for eventuelle avvik mellom den faktiske storleiken på fondet og dei avsetjingane som ein meiner er nødvendige for å dekkje framtidige erstatningsutbetalingar.

##### Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i tråd med Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkjande bilde av disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, egedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

## Vurdering av vesentlege forhold

Det er utbetalt 53,7 mill. kroner i erstatningar i 2022, som er ein reduksjon på 3,2 mill. kroner samanlikna med 2021. Rekneskapen for fondet viser samla utgifter på 90,8 mill. kroner i 2022. Det er en reduksjon på 11,0 mill. kroner samanlikna med 2021.

Endringa i utgiftene kan i hovudsak forklarast med reduserte erstatningsutbetalingar på 3,2 mill. kroner, reduserte driftsutgifter til saksbehandlinga i NPE på 6,0 mill. kroner og auka driftsutgifter til saksbehandlinga i Helseklage på 2,8 mill. kroner. Anna-posten har redusert tapsføring med 3,2 mill. kroner, og vi har fått auka renteinntekter frå Noregs Bank med 1,4 mill. kroner på grunn av generelt høgare rentenivå.

I 2022 hadde fondet samla inntekter på 123,8 mill. kroner. Inntektene består av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskota har auka med 5,0 mill. kroner frå 2021 til 2022. Regressinntektene i 2022 er reduserte med 5,8 mill. kroner samanlikna med 2021.

Overføring av resultatet for perioden til fondskapital har auka med 10,0 mill. kroner frå 2021 til 2022. Behaldninga på fondet rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2022 er 150,3 mill. kroner. Det er ein auke på 33,0 mill. kroner frå 2021.

## Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

I instruksen fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, er det fastslått at fondet for pasientskadeordninga - privat helseteneste - skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved slutten av året. Tilskota knytte til privat helseteneste og utbetaling av erstatningar frå NPE for same område blir førte over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2022 er presentert etter kontantprinsippet, og skal ta vare på krava i instruksen.

## Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for fond pasientskadeordninga – privat helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil gå fram av revisjonsrapporten som fondet tek imot våren 2023. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2023



Kristin Cordt-Hansen  
direktør

---

## 2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsette i Bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i tråd med krav i bestemmelsene punkt 3.4.6 og rundskriv R-115 av september 2019 frå Finansdepartementet, punkt 8.

### Definisjon av statleg fond

Eit statlig fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå middel staten har elles. Bruken er bunden til eit nærare fastsett føremål som varer utover eitt budsjettår.

Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga staten har, og likvidane skal stå på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskonti blir overførte til nytt år.

### Løyvingsrapporteringa

Øvre delen av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen i fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, går fram i nedre del av oppstillinga.

## 3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) kjem fram i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) kjem fram i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet for perioden er skilnaden mellom overføring til fondet og overføring frå fondet, og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen er kortsiktige krav omtalte. Opplysinga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskott eller tilbakebetaling av kapitalinnskott i fondet kjem ikkje fram i resultatoppstillinga, men blir førte direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

## 4. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 1. Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2022

Behaldningar rapporterte i likvidrapport	Rekneskap 2022
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	117 282 951
Endringar i perioden	33 030 510
<b>Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank</b>	<b>150 313 461</b>

Tabell 2. Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2022

Konto	Tekst	2022	2021	Endring
810702	Behaldningar på konto(ar) i Noregs Bank	-150 313 461	-117 282 951	-33 030 510

### Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste (PHT) blir fullfinansiert av private aktørar, og dekkjer erstatningsutbetalingar, advokatutgifter og driftsutgifter. Fondet tek ikkje imot løyving over statsbudsjettet.

## 5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld i fondet

Tabell 3. Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	2022	2021
Tilskot frå private helseaktørar	123 423 115	118 537 572
<b>Regress frå private helseaktørar</b>	<b>415 124</b>	<b>6 254 795</b>
<b>Sum overføringar til fondet</b>	<b>123 838 239</b>	<b>124 792 367</b>
Erstatningsutbetalingar	-53 667 734	-56 839 339
Dekning av driftsutgifter NPE	-29 637 327	-35 603 442
Dekning av driftsutgifter Helseklage	-8 809 260	-6 033 300
Anna	1 302 759	-3 319 991
<b>Sum overføringar frå fondet</b>	<b>-90 811 562</b>	<b>-101 796 072</b>
<b>Resultatet for perioden *</b>	<b>33 026 677</b>	<b>22 996 295</b>
Disponering:		
<b>Overføring av resultatet for perioden til fondskapital</b>	<b>33 026 677</b>	<b>22 996 295</b>

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital blir utrekna ved å leggje resultatet for perioden til opptent fondskapital i førre år.

**\* Tilleggsinformasjon for resultatet for perioden og overføring av resultatet for perioden til fondskapital:**

Differansen mellom resultatet for perioden og det som er rapportert som fondskapital i statsrekneskapen per 31.12.2022 utgjør 3833 kroner. Dette er vurdert som ikke vesentlig og vil bli korrigert i 2023.

**Tabell 4. Balanseoppstilling**

Balanseoppstilling	2022	2021
Eigedelar:		
Oppgjerskonto i Noregs Bank	150 313 461	117 282 951
<b>Sum eigedelar</b>	<b>150 313 461</b>	<b>117 282 951</b>
Fondskapital og plikter:		
Opptent fondskapital	150 313 461	117 282 951
<b>Sum fondskapital og plikter</b>	<b>150 313 461</b>	<b>117 282 951</b>

**Tabell 5. Inntekter**

Note 1 Overføringer til fondet	2022	2021	Differanse
8481 Tilskot frå privat helseteneste	127 493 221	116 999 662	10 493 558
Tilbakeføring opne postar per 31.12	-3 994 888	1 537 910	-5 532 797
<b>Tilskot frå private aktørar</b>	<b>123 498 333</b>	<b>118 537 572</b>	<b>4 960 761</b>
8480 Regress	1 422 737	2 020 000	-597 263
Tilbakeføring opne postar per 31.12	-1 007 613	4 234 795	-5 242 409
<b>Regress frå private aktørar</b>	<b>415 124</b>	<b>6 254 795</b>	<b>-5 839 672</b>
<b>8740 Tilskot privat sektor, verksemder</b>	<b>-75 218</b>		<b>-75 218</b>
<b>Tilskot privat sektor, verksemder</b>	<b>-75 218</b>		<b>-75 218</b>
<b>Sum overføringer til fondet</b>	<b>123 838 239</b>	<b>124 792 367</b>	<b>-954 129</b>

For både konto 8481 Tilskot frå privat helseteneste, 8740 Tilskot privat sektor verksemder og 8480 Regress kjem det fram ei spesifisering av korleis IB, opne postar frå tidlegare år og opne postar per 31.12.2022 er tekne omsyn til for å ta vare på kravet om kontantprinsippet i årsrekneskapen.

I 2022 hadde fondet samla inntekter på 123,8 mill. kroner. Inntektene består av innbetalte tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskot frå private helseaktørar har auka med 5 mill. kroner frå 2021 til 2022.

Regressinntektene i 2022 er reduserte med 5,8 mill. kroner samanlikna med 2021. Det blei fakturert 11 krav om regress i 2022 mot 12 krav i 2021. Reduksjonen i regressinntektene kan forklarast med at regresskrava var lågare i 2022 enn året før.

## Tabell 6. Utgifter

Note 2 Overføringer frå fondet	2022	2021	Differanse
Erstatningsutbetalningar	-53 667 734	-56 839 339	3 171 605
Dekning av driftsutgifter NPE	-29 637 327	-35 603 442	5 966 115
Dekning av driftsutgifter Helseklage	-8 809 260	-6 033 300	-2 775 960
Anna (sjå tabell 7)	1 302 759	-3 319 991	4 622 750
<b>Sum overføringar frå fondet</b>	<b>-90 811 562</b>	<b>-101 796 072</b>	<b>10 984 510</b>

Det er utbetalt til saman 53,7 mill. kroner i erstatningar i 2022. Det er ein reduksjon på 3,2 mill. kroner samanlikna med 2021.

Driftsutgiftene i NPE og i Helseklage er belasta fondet med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris for kor mykje det kostar å behandle ei sak, inkludert advokatutgifter. Delen saker som NPE behandla for privat helseteneste gjekk ned i 2022 og driftsutgiftene blei reduserte med 6 mill. kroner. For Helseklage er det auka driftsutgifter på 2,8 mill. kroner samanlikna med 2021.

Anna-posten fordeler seg mellom bank- og kortgebyr, øreavrunding, konstaterte tap på fordringar og renteinntekter, sjå tabell 7 under.

## Tabell 7. Anna

Anna	2022	2021	Differanse
7770 Transaksjonskostnader (bank- og kortgebyr)	-2 375	-2 306	-68
7772 Øreavrunding	-95	329	-424
7830 Konstaterte tap på fordringar	-195 845	-479 748	283 903
7831 Konstaterte tap på fordringar- Regress		-2 929 537	2 929 537
8050 Renteinntekt - konti utanfor konsernkontoordningane	1 465 794	33 730	1 432 063
8051 Renteinntekter	35 280	57 541	-22 261
<b>Sum Anna</b>	<b>1 302 759</b>	<b>-3 319 991</b>	<b>4 622 750</b>

Konto 7772 består hovudsakleg av automatiske øreavrundingar i samband med fakturering. I tillegg er det bokført postar under 100 kroner som anten er for mykje eller for lite innbetalt på kunderskonto. Vi betalar ikkje tilbake og krev ikkje inn summar under 100 kroner fordi vi har vurdert at det er for kostbart og tidkrevjande. Statens innkrevingsentral krev heller ikkje inn summar under 100 kroner av same grunn.

Ved tapsføring nyttar vi konto 7830 Tap på fordringar/7831 Tap på fordringar- regress. Desse kontoane kan berre nyttast når krava i økonomireglementet kap. 5.4 (pkt. 5.4.2.5, 5.4.3, 5.4.4, 5.4.5) er oppfylte. NPE brukar Statens innkrevingsentral til å følgje opp krav som ikkje blir betalte som føresett.

Det er ført tap på fordringar på 0,2 mill. kroner på 17 tilskotskrav på konto 7830 i 2022. Det er ein reduksjon på 3,2 mill. kroner samanlikna med 2021.

---

Inntekter på konto 8050 er renteinntekter betalt av Noregs Bank ved årsslutt. Inntekter på konto 8051 er renter betalt frå Statens innkrevingsentral i samband med innkrevinga.

---

# Året som har gått

## Ytterlegare reduksjon i saksbehandlingstidene i 2022

Saksbehandlingstidene gjekk ytterlegare ned i 2022. Mykje av forklaringa på det gode resultatet ligg i målretta jobbing over tid med forenklingar og andre effektiviseringstiltak. Koronasmittesakene, som vi tok imot relativt mange av i 2022, har òg bidrege til å redusere den gjennomsnittlege saksbehandlingstida då desse sakene generelt er raskare å behandle.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida til erstatningssøklarar som har rett til erstatning gjekk ned med åtte prosent samanlikna med året før.

Vi er godt nøgde med at saksbehandlingstida til dei som har rett til erstatning er merkbart redusert, og ser ikkje tegn til at dei gode resultatene har gått ut over kvaliteten i saksbehandlinga.

## Sju månader behandlingstid i snitt

Det tok i snitt i underkant av sju månader frå NPE tok imot søknaden til erstatningssøkjaren fekk vite om vedkomande hadde rett på erstatning eller ikkje. Søklarane som fekk medhald i kravet sitt, fekk i snitt utbetalt erstatninga etter nye seks månader.

Saksbehandlingstidene varierer mykje, mellom anna på grunn av ulik kompleksitet i sakene.

## Koronasmittesaker bidrog til rekord i 2022

2022 var enno ein gong eit rekordår for talet mottekne erstatningskrav. Vi tok imot i alt 7079 saker. Det var 11 prosent fleire saker enn vi såg for oss ved byrjinga av året.

846 saker handla om koronavaksine eller smitte av sjølve sjukdomen. Desse sakene bidreg til auken i nye saker frå 2021.

## Målretta jobbing og kompetanseutvikling er sentralt

Dei gode resultatene skuldast fleire tiltak som NPE har jobba med over tid.

Vi har halde fram utviklinga frå 2021 ved at same saksbehandlar i stadig større grad er ansvarleg for saka gjennom fleire trinn. Dermed sparar vi tid på at ein ny saksbehandlar må setje seg inn i detaljar og vurderingar som er gjort av ein tidlegare saksbehandlar.

Vi har òg jobba godt med kontinuerleg forbetring. Målet er å forenkle saksbehandlinga der vi kan, slik at erstatningssøklarane skal få svar så raskt som mogleg. Resultatene viser at vi haustar frukter av dette arbeidet.

Kompetanseutvikling og ei meir strukturert opplæring av nytilsette har òg vore sentralt. Vi har hatt gode effektar av opplæring i team for nytilsette. Gjennom diskusjonar i opplæringsteamet blir dei nytilsette raskare trygge på dei faglege vurderingane sine, og dei som har ansvaret for opplæringa får erfare kva for område det er lurt å fokusere mest på.

I tillegg har vi vidareutvikla samarbeidet mellom sakbehandlingsseksjonane, slik at det no er mindre forskjellar på kva for typar saker seksjonane innan ein avdeling jobbar

---

med. For å understøtte denne samhandlinga er det etablert mindre faggrupper på tvers av seksjonane.

I tillegg har fleire av erstatningssøkjjarane våre fått hjelp via Mi side. På denne måten sparer vi tid og kan raskare få avklart spørsmål og uklarleikar.

## **Vi har flytta til nye lokale**

Etter nærare tre år med planlegging og førebuingar flytta vi inn i nye flotte lokale i februar 2022, med Frognerparken som næraste nabo.

### **Den fyrste tida**

Vi gjekk frå cellekontor og tilsette fordelt over åtte etasjar, til eit ope aktivitetsbasert arbeidsplasskonsept med «free seating» og «clean desk», og der alle er samla på ei flate. Samtidig etablerte vi ei ordning med høve til heimekontor inntil to dagar per veke, basert på dei gode erfaringane vi hadde med heimearbeid under pandemien.

Overgangen til ny kontorløyning gjekk fint. Arealutforminga, interiøret, fargar og visuelt uttrykk i lokala blei tekne godt imot av dei tilsette, i tillegg til at lokaliseringa blei oppfatta som veldig bra av dei fleste.

### **Endringar undervegs**

Ved flytting til nye lokale vil det vere behov for tilpassingar, både større og mindre, etter kvart som ein «bur seg til». Difor etablerte vi ei arbeidsgruppe som skulle jobbe med forbetningsforslag frå tilsette. Vi gjorde større og mindre endringar basert på dette. Vi tilpassa mellom anna møbleringa, oppgraderte kjøkken- og garderobefasilitetane og justerte areala i dei ulike arbeidssonene. Arbeidsgruppa for forbetningar er framleis aktiv, men etter eitt år i nye omgjevnader ser vi at behovet for endringar er mindre, og at ein opplever at lokala fungerer godt.

### **Sosiale aktivitetar**

Overgangen frå cellekontor spreidde over mange etasjar til eit ope aktivitetsbasert kontorlandskap blir opplevd ulikt, og med «free seating» kan vi sitje med nye kollegaer kvar dag. Etter innflyttinga har vi gjennomført sosiale aktivitetar på tvers av heile verksemda, slik at tilsette skal møtast og bli betre kjende. Vi har mellom anna hatt sosiale kveldar med servering av mat og drikke, rebusløp, karaoke og quizar. Tiltaka har blitt tekne godt imot og deltakinga har vore høg. Det har bidrege til at mange har blitt kjende med kollegaer dei ikkje kjende frå før.

### **Halde fram arbeidet med å skape trivsel på arbeidsplassen**

Det har skjedd mykje det fyrste året i nye lokale. Tilbakemeldingar frå tilsette tyder på at dei trivst i dei nye lokala, og at det aktivitetsbaserte arbeidsplasskonseptet med alle tilsette på ei flate fungerer bra for dei fleste. Samtidig skil lokala og arbeidsplasskonseptet seg frå det vi tidligare er vande med, og det krev litt tid med tilpassing til nye omgjevnader og nye måtar å jobbe på. Vi skal følgje opp i 2023 med ei undersøking om opplevinga dei tilsette har av dei nye lokala. Det vil gje viktig informasjon om ytterlegare behov for forbetningar og justeringar.

---

## Vi moderniserer IT-løysingane våre

Vi brukar same saksbehandlingsløysing som Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage). Løysinga er basert på Public 360 frå TietoEvry og har mange spesialtilpassingar for saksbehandlinga vår. No treng løysinga modernisering. Vi har behov for ei løysing som er meir berekraftig i drift og utvikling.

Vi skal samtidig ta i bruk ny teknologi og skyløysingar der det er mogleg. Det overordna målet er å få på plass ei god og moderne løysing som bidreg til effektiv saksbehandling og redusert ventetid for brukarane våre.

Vi samarbeider med Helseklage om ny saksbehandlingsløysing. Då sparar vi ressursar samanlikna med å jobbe kvar for oss.

Hausten 2021 avgjorde vi å gå ut på offentleg anskaffing av ny saksbehandlingsløysing. Vi inviterte til marknadssjakk med interesserte leverandørar i 1. kvartal 2022. Det var flott å sjå at det var stor interesse for anskaffinga i leverandørmarknaden. Mange ville høyre om anskaffinga og den digitale reisa vår.

Etter den innleiande marknadssjakk, blei konkurransen for ny saksbehandlingsløysing publisert i mai. Leverandørar som ynskte å bli kvalifisert til vidare deltaking hadde frist før sommaren med å melde interessa si, og kvalifiserte leverandørar leverte tilbod etter sommerferien. Vi heldt fram med forhandlingar gjennom hausten og over i 2023.

Samtidig med anskaffingsprosessen, har vi jobba med modernisering av andre digitale løysingar.

Vi har førebudd anskaffingsprosess på nytt system for bildediagnostikk. Dette er eit viktig verktøy i saksbehandlinga vår. Dagens løysing er utdatert og treng utskifting.

Vi er òg godt i gang med å få på plass ei ny digital løysing for tilskotsforvaltinga i privat helseteneste. Løysinga skal effektivisere våre eigne oppgåver og samtidig gje dei private helseaktørane ei meir brukarvenleg teneste.

Vi har òg modernisert den tekniske plattformen vår for å leggje til rette for tenester i sky, inkludert den nye saksbehandlingsløysinga.

Gjennom alt arbeidet vårt med digitalisering har informasjonstryggleik og personvern ein stor og sentral plass.

## Vi har teke i bruk Microsoft 365 og Teams

Vi starta utrullinga av Microsoft 365 til alle tilsette i 2022. Vi har valt å gjere utrullinga i mindre etappar der vi legg vekt på informasjonstryggleik og personvern og god opplæring. Det er laga eit digitalt kurs som er tilgjengeleg for alle på intranettet vårt. I tillegg har alle tilsette vore inviterte til klasseromskurs. Vi har så langt rulla ut funksjonalitet for chat, telefoni og gjennomføring av digitale møter og held fram arbeidet i 2023.

## Roboten jobbar og skal få fleire oppgåver

Hausten 2021 starta vi med automatisering og gjekk i produksjon med den fyrste automatiserte prosessen ved inngangen til 2022. Roboten vår arkiverer rekneskapsrapportar etter kvart som vi tek imot frå DFØ. Det har vore nokre tekniske

---

utmaningar med løysinga, i tillegg har vi jobba med å «tryggleiksklarere» roboten for bruk på nye område. Vi held fram med nye oppgåver for roboten inn i 2023.

## **Nye medisinske område i forskrift om meinerstatning ved pasientskadar**

Forskrift om meinerstatning ved pasientskadar tredde i kraft 15.03.2021. Det er laga ein rettleiar til forskrifta med eksempel.

Den nye forskrifta gjeld saker melde til NPE etter 15.03.2021. Saker melde før 15.03.2021 blir behandla etter yrkesskadeforskrifta.

### **Innhaldet i forskrifta**

Forskrift om meinerstatning ved pasientskadar byggjer på innhaldet i yrkesskadeforskrifta. Sidan det ikkje er mogleg å revidere heile tabellverket på ein gong, vel vi ut enkelte medisinske område der behovet for ein revisjon er særleg stort.

Dei medisinske områda som blei valde ut fyrst, og som blei omfatta av forskrifta då ho tredde i kraft, var fordøyingsystemet (mage og tarm), kjønnsorgan, urinrøyr og hjarte. Desse områda er òg omtalte i yrkesskadeforskrifta, men dei er supplerte og justerte i den nye forskrifta. I tillegg blei det laga eit generelt punkt om smerter og eit nytt punkt om cerebral parese. Elles er resten av tabellverket frå yrkesskadeforskrifta kopiert inn i forskrift om meinerstatning ved pasientskadar.

### **Arbeidet med nye medisinske område**

NPE arbeider vidare med enkelte nye skadeområde som vil bli tilføydd i forskrifta på eit seinare tidspunkt.

Dei nye områda er: psykiske lidningar, følgjetilstandar kreft (fatigue og lymfeødem) og urinvegar.

Vi følgjer nøye med på korleis forskrifta fungerer. Så langt har det ikkje kome innspel om at ho har fått utilsikta konsekvensar, og det har ikkje vore behov for endringar.

## **Ny kapitaliseringsrente**

Når vilkåra for erstatning er oppfylte, er den alminnelege regelen i norsk rett at den skadelidne skal ha erstatta det fulle økonomiske tapet sitt. Prinsippet om retten til full erstatning inneber at den skadelidne ikkje skal kome økonomisk dårlegare ut enn om skaden ikkje hadde inntreft. Dette kjem til uttrykk i skadeserstatningslova (skl) § 3-1. Utgangspunktet i skl. § 3-9 er vidare at erstatninga skal fastsetjast til en eingongssum. Dersom særlege grunnar ligg føre, kan erstatninga fastsetjast til terminbeløp. Terminoppgjjer som oppgjersform skjer likevel heilt unnataksvis.

### **Framtidige tap og kapitaliseringsrente**

Når erstatninga skal fastsetjast til ein eingongssum, er kapitaliseringsrenta ein viktig utrekningsfaktor for å kome fram til noverdien av framtidige tap. Renta er av sentral betydning for storleiken på erstatninga for erstatningspostane framtidig inntektstap,

---

framtidige meirutgifter og meinerstatning. Dess lågare kapitaliseringsrente, dess høgare blir utrekna erstatning i noverdi for skadelidne.

Når erstatninga blir tilkjend for framtidige tap, skal ho fastsetjast slik at den tilkjende summen og avkastinga til saman dekkjer tapet for kvart år framover. For å kome fram til kor stor erstatningssummen då må vere, må det framtidige årlege tapet neddiskonterast til ein noverdi. Ved neddiskonteringa tek ein utgangspunkt i dei årlege tapa som ikkje er justerte for forventingar om inflasjon. Deretter nyttar ein kapitaliseringsrente ved utrekninga av eingongssummen.

Over tid er det blitt avklart at kapitaliseringsrenta skal vere ei realrente. Ei realrente er ei pårekna nominell rente i erstatningsperioden minus forventa inflasjon i same periode. Om den pårekna nominelle renta for perioden til dømes er fire prosent, og den forventa inflasjonen utgjer to prosent, vil realrenta vere to prosent.

Tidlegare blei kapitaliseringsrenta fastsett av domstolane. Sist gong Høgsterett behandla dette spørsmålet var i desember 2014. Renta hadde då vore fem prosent sidan 1993, jf. Rt. 1993 s. 1524. I 2014 gav Høgsterett uttrykk for at ei allmenn kapitaliseringsrente på fem prosent var noko for høg, og kom etter dette fram til at kapitaliseringsrenta som hovudregel skulle vere fire prosent, jf. Rt. 2014 s. 1203.

Høgsterett gjev i dommen uttrykk for at nemnde rente må føresetjast å stå fast i lang tid. Det ville komplisere og fordyre erstatningsoppgjera om den generelle kapitaliseringsrenta stadig skulle justerast av domstolane. Om kapitaliseringsrenta i staden blei fastsett ved lov eller forskrift, ville ein ifølgje Høgsterett likevel kunne ha ei meir fleksibel ordning.

### **Ny forskrift om kapitaliseringsrente**

I 2022 blei det gjort endringar i skadeserstatningslova som innebar at ein opna for å regulere kapitaliseringsrenta i forskrift. Ny forskrift om kapitaliseringsrente etter skadeserstatningslova tredde i kraft 1. oktober i fjor, og ny kapitaliseringsrente blei samtidig fastsett. Den generelle renta er sett til 2,5 prosent, og for skadelidne under verjemål er renta sett til 1,5 prosent. Bakgrunnen for sistnemnde er at skadelidne under verjemål ikkje har tilsvarende høve til avkasting av erstatningssummen sidan verjemålsreglane avgrensar plasseringsalternativa. Heimel for renteforskrifta er skl. § 3-9, andre ledd.

### **Økonomiske konsekvensar**

Norsk pasientskadeerstatning har heile tida støtta forslaget om å forskriftsfeste ei fast kapitaliseringsrente der den forskriftsfastsette renta i større grad enn tidlegare gjev uttrykk for eit rett rentenivå. Den endringa av renta som no har funne stad, vil føre til høgare erstatningsutbetalingar frå NPE. Endringa vil samtidig føre til at pasientane vil få erstatningsutbetalingar som i større utstrekning samsvarar med prinsippet om full erstatning. Ei fastsetjing av kapitaliseringsrente i forskrift vil dessutan skape større rettsvise for partane i personskadetvistar, og atter kunne bidra til å redusere talet tvistar rundt dette temaet. På denne bakgrunnen har NPE støtta arbeidet med denne forskrifta.

---

## Sakkunnigtenester

NPE nyttar uavhengige spesialistar med relevant erfaring og kompetanse på spesialistnivå til sakkunnig utgreiing i erstatningssakene.

Dei sakkunnige har ei fri og uavhengig rolle. Vi legg difor ikkje føringar for, eller meiner noko om, deira medisinske vurderingar.

Det å ha nok sakkunnige innan kvar spesialitet, som leverer gode sakkunnigvurderingar, er viktig for saksbehandlingstida vår totalt sett.

### Sakkunnigoppdrag i 2022

I 2022 hadde vi avtalar med 122 sakkunnige i meir enn 30 ulike spesialitetar. Det blei utforma i alt 7085 sakkunnigvurderingar.

I tillegg til sakkunnige med avtale, nyttar NPE over 1000 eksterne sakkunnige til enkeltoppdrag. Totalt blei det utforma 511 sakkunnigvurderingar av slike eksterne sakkunnige i 2022.

### Sakkunnige sitt nærvære

Dei siste åra har det vore lite fysisk kontakt mellom sakkunnige og saksbehandlarane, då dei sakkunnige som hovudregel har jobba frå heimekontor. Mot slutten av 2022 avgjorde vi at nokre sakkunnige skal sitje i lokala våre, slik at vi i større grad sikrar direkte dialog mellom saksbehandlar og sakkunnig. Det kan bidra til at nokre saker blir avklara raskare.

### Opplæring og andre tiltak

Vi har jobba målretta med opplæring av dei sakkunnige som har avtale med oss. Vi har mellom anna utvikla digitale opplæringspakker innanfor utvalde tema. Det gjeld alt frå rolla som sakkunnig til juridiske tema.

Vi har vidareutvikla ei ordning med såkalla kontaktsaksbehandlar. Det går ut på at nye sakkunnige som vi inngår avtalar med får tildelt ein erfaren saksbehandlar ved oppstart. Dette skal sikre at dei sakkunnige får god rolleforståing, og at dei får rettleiing i å skrive gode sakkunnigvurderingar. Dette skal atter bidra til god og effektiv saksbehandling i NPE.

## Nye profesjonsgrupper i privat helseteneste

Naprapatar, osteopatar og paramedikarar blei offentleg godkjende som helsepersonell og inngår frå 2022 i ordninga med tilskotsplikt for aktørar i privat helseteneste.

Ordninga er administrert av NPE. NPE har inngått kollektivavtale med Norges Naprapatforbund og Norsk Osteopatforbund. Gjennom desse avtalane administrerer dei to foreiningane innmelding og tilskotsplikt på vegner av medlemmane sine.

---

## Korleis er det å jobbe i Norsk pasientskadeerstatning?

### Stian Sjørbotten – saksbehandlar for pasientskadesaker

«Eg byrja å jobbe som saksbehandlar i NPE i fjor haust. Årsaka til at eg søkte meg til NPE var høvet til å kunne jobbe i skjæringspunktet mellom juss og medisin. Eg har ikkje angra på valet. Eg opplever å ha kome til ein arbeidsplass der dei tilsette er stolte av arbeidsplassen sin, og som er opptekne av det ansvaret NPE forvaltar.

Fordi NPE tilset saksbehandlarar i grupper, blir opplæringa gjeven i team. Opplæringa består av tett oppfølging av faste rettleiarar undervegs i saksbehandlinga av enkeltsaker, kombinert med ulike faglege kurs som erfarne saksbehandlarar held. Dette gjer at nye saksbehandlarar på eit tidleg tidspunkt blir trent i å treffe sjølvstendige avgjerder i enkeltvedtak basert på eksisterande lovverk og gjeldande rettspraksis.»

### Charlotte Løken – saksbehandlar for pasientskadesaker

«Eg byrja rett etter studiane i april 2020, som saksbehandlar i eit opplæringsteam, saman med fem andre nytilsette. På grunn av pandemien, fekk vi opplæring på heimekontor frå fyrste dag. Eg følte vi blei godt mottekne, trass i at alt gjekk føre seg digitalt. Vi fekk til eit godt samarbeid, og vi fekk gode og trygge rammer for opplæring og spørsmål hjå fagrettleiar.

Eg trivst veldig godt i NPE, både fagleg og sosialt. Det er god kultur for å dele kunnskap og erfaring, og mange arenaer for å diskutere saker med andre kollegaer. Som saksbehandlar i NPE jobbar eg med ein kombinasjon av juss og medisin. Arbeidsoppgåvene mine er varierte, og mange av sakene behandlar eg frå a til å, det vil seie frå å motta søknaden om erstatning, til å utbetale erstatninga.»

### Henrik Pettersen – HR-konsulent

«Av 170 tilsette i NPE likar eg å tru at eg har kontakt med dei fleste, både gjennom stillinga eg har, men òg slik eg er som person. Ved å vere med på rekruttering av nytilsette må eg innrømme at eg har ein soleklar fordel... Som HR-medarbeidar kjem folk til meg med spørsmål eg ikkje trudde fanst, og eg lærer difor mykje kvar gong eg må grave fram eit nytt svar. Arbeidsoppgåvene er varierende og avgjerande, noko eg trivst veldig godt med!

Samtidig bidreg eg med sosiale arrangement gjennom Sosialkomiteen og prøver å skape eit fellesskap der alle føler dei kan vere med og ha det bra. Ofte ruslar eg rundt i lokala og snakkar med folk, for å oppdatere meg på det som skjer i NPE, og samtidig høyre korleis folk har det. Det trur eg er viktig for ein i min stilling, ikkje berre at eg får møtt kollegaer sjølv, men at eg òg viser at eg er tilgengelig.»